



INFORMASJON

# KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

*Nr. 01-2016 Torsdag 28. januar 45. årgang*

*Neste nr. av KB kjem ut 25. februar 2016*

*Nytt stoff innan: 09. februar 2016*

**LYS I MØRKRET**



# Kyrkjeskyss

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

www.austrheim.kyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjevevje: Tysdag – fredag kl. 10 – 14  
Utanom dette etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjevevje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Svanhild V.Neteland	41 62 73 90

## Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Eli E Daae, Øystein Soldal,  
Jorunn Kårdal,  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkjeba@online.no  
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

## GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

### Søndag 31. jan. kl. 11.00

Gudsteneste  
Per Børge Hillestad  
Dåp  
Presentasjon av det nye soknerådet  
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali

### Søndag 7. febr. kl. 19.30

«Syng deg glad kveld»

### Søndag 14. febr. kl. 19.00

Gudsteneste  
Per Børge Hillestad

### Søndag 28. febr. kl. 11.00

Gudsteneste  
Per Børge Hillestad  
Dåp  
Born frå Lys Vaken deltek  
5. klassingane vert invitert for å få sin Bibel  
Takkoffer til Bibelselskapet

### Fredag 11. mars kl. 18.00

«Gudsteneste for alle»

### Søndag 13. mars kl. 11.00

Gudsteneste

### Søndag 20. mars kl. 19.30

Påska i ord og tonar

### Skjærtorsdag 24. mars kl. 19.00

Gudsteneste

### 1. påskedag 27. mars kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste

# JESUS STILLER STORMEN

Matteus 8, 23 – 27

**Så steg han i båten, og disiplene fulgte ham. Da ble det et voldsomt uvær på sjøen, så båten nesten ble borte mellom bølgene. Men Jesus sov. De gikk bort og vekket ham og sa: «Herre, frels! Vi går under!» Han svarte: «Hvorfor er dere redde – dere lite troende!» Så reiste han seg og truet vindene og sjøen, og det ble blikk stille. Mennene undret seg og spurte: «Hva er dette for en? Både vind og sjø adlyder ham.»**

Mange vestlendinger har opplevd sjøen som skremmende. Vind og bølger kan komme brått på og skape angst. Det er ikke uten grunn at sjømenn har respekt for havet. Fra gammelt av har folk tenkt på sine der ute når vinden uler og regnet pisker mot ruten. Ikke få vestlendinger har funnet sin grav på havet. Det er ingen lek å komme ut for uvær. Sjømenn blir nok ikke like fort redd som en landkrabbe, men de har likevel stor respekt for havets lunefulle lek med skip og mannskap. Noen landkrabber mangler i sitt overmote denne respekten for naturens krefter. Slik var det ikke med Jesu disipler. Genesaretsjøen var ikke å spøke med når vestavinden kom feiende nedover og pisket opp innsjøen. De var ute i en åpen båt, og når bølgene begynte å bryte inn over båtripen må de ha blitt redde. De var fiskere mange av dem, og vant til litt av hvert. Det underlige er at det ikke er fiskeren Peter med lang erfaring de setter sin lit til, de vender seg i stedet til Jesus.

Det hadde vært noe å være med i den båten da Jesus reiste seg opp. Antagelig satte han sjøein for ikke å faller overende. Så roper han mot vinden og i et nu er det 'blikk stille'. Disiplene hadde opplevd mye med Jesus. Han hadde bedt dem kaste garnet på andre siden, og fylt garnene med fisk. Han hadde helbredet syke. Men at han skulle kunne byde vinden å bli helt stille, det hadde de ikke forestilt seg. Det ble 'blikk stille' står det. En kunne speile seg i vannet. Det skal egentlig ikke kunne gå an å få til noe sånt. Det forteller derfor mer om Jesus enn mange ord. Disiplene sukket med seg selv og sa: «Hva er dette for en? Både vind og sjø adlyder ham.»

Disiplene visste hvor de skulle gå med sine problemer, de gikk til Jesus. Dette fortsatte de med livet ut selv om ikke alle bønnene de ba var like dramatiske. I gode og onde dager, søkte de Jesus for trøst og støtte. Til ham ba de under alle omstendigheter.

Gud vil oss det gode, derfor spør han disiplene og oss: 'Hvorfor er dere redde'? Når Jesus er med i livets båt kan vi trøste oss med at han har omsorg for oss og hører våre bønner.

Per Børge





## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døypte

26.12.15 Sander Vikene Lavik  
Lilly Øvreseth Stellberg

### Vigde

12.12.15 Renee Hansen Semmingsen og  
Stefan Orri Semmingsen  
19.12.15 Kristin Fosse og  
Trygve Einar Ulvøy

### Døde

29.08.15 Kjell Monslaup (gravlagd i Arnafjord, Vik.)  
18.12.15 Åshild Semmingsen



## Utgjevingsplan Kyrkjebakken første halvår 2016

	Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr. 02/16	09. februar	25. februar
Nr. 03/16	01. mars	17. mars (Påske stoff)
Nr. 04/16	26. april	12. mai (17.mai stoff)
Nr. 05/16	07. juni	23. juni (siste før ferien)

# Takk

## Hjarteleg takk

til diakoninemnda for den vakre rosa  
eg fekk til dagen min.

Takk og til Britt som kom med den.

Helsing  
Nora Hauge

## Ein stor takk

til Austrheim Rotary, for den fine kikkerten eg  
fekk for turane mine til post 5.

Helsing Maren Monslaup

## Hjarteleg takk

til Lindåsneset Sanitetslag for den fine  
julehelsinga.

Eg vil og takke Austrheim Diakoninemnd for  
rose og fin helsing på dagen min.

Helsing Frida Dyroy

## TIL ALLE 5. KLASSINGAR PÅ SKULANE I AUSTRHEIM

Søndag 28. februar vil du og familien din bli invitert til kyrkja.

Der vil du få din eigen Bibel i gåve frå Kyrkjelyden.

På gudstenesta vil du møte dei som går i 6. klasse, dei har overnatta i kyrkja.

Det kan du få vere med på når du går i 6. klasse.

**Alle vil få invitasjonsbrev, set av dagen.**

## LYS VAKEN



Kvart år inviterer soknerådet 11 åringane (6. klasse) på Lys Vaken i kyrkja.

Då møtes dei lørdag ettermiddag. Har forskjellige aktivitetar, spiser god mat og opplever mykje kjekt.

Det pleier å vere første helga i advent, men dette skuleåret er det utsett til siste helga i februar.

Alle 6. klassingane vil få brev med informasjon og påmelding.

Men for å klare å gjennomføre dette er vi avhengig av hjelp frå foreldre.

Særleg treng vi hjelp til å lage kveldsmaten (taco) og vi treng nattevakter.

Nokre timar på kvar om det vert mange nok.

Helga vert avslutta med frukost i kyrkja, og med gudsteneste kl. 11.00.

Til denne gudstenesta vert 5. klasse invitert for å få sin Bibel.

## Velkommen på MINI-VING og VING.

Barnelaget begynner igjen torsdag **14. januar**  
på Årås bedehus kl. 17.00 – 18.00.

**Annakvar torsdag** møtes me og syng, hører  
bibelforteljingar, har hobbyaktivitetar og av og til mat.  
Kom gjerne innom for å sjå kva me gjer!

Mini-ving : 4år – 1.klasse  
(yngre i følgje med ein vaksen )

Ving: 2. klasse – 4.klasse.

Følg gjerne barnet ditt,  
du får ein kopp kaffi og  
kan bli kjent med nye kjekke folk.



## SENIORSLØYD

Løloftet/ Mathias Sætre

Fem torsdagar

Oppstart: 18. februar 2016

Kl.13.00 – 15.00

Påmelding: 91379306

Gratis

Austrheim kommune og

Vesttun Gard



## «SPØTEKLUBB»

Me samlast til strikkekafe i Bakkøy  
grendahus desse datoane:

3. februar

2. mars

6. april

7. sept.

Ta med godt humør, og handarbeid om du  
har lyst.

Kr. 20,- for mat og mulighet for å kjøpe  
nokre lodd i tillegg.

Frå kl. 19.00 – ca. 21.00

Det vert BASAR lørdag 9. april

Me tek imot gevinstar 6. og 7. april

Har du gevinstar du vil skal merkast av i  
loddbøkene tek du kontakt med:

Nora 99 02 52 44 eller

Bodil 41 45 72 15

## "KJERRINGROKKEN"

- er ei gruppe damer som samlast på Kyrkjelydshuset
- tilknytta Norsk Misjonsselskap og støttar misjonsprosjekt i Mali.
- Tema: samtale, sosialt samvær, handarbeid (for dei som likar det)
- Mat

Møtest på Kyrkjelydshuset på måndagar kl 19:00.  
Desse datoane: 01.02., 07.03., 04.04., 02.05. og 06.06.

Vel møtt til nye og gamle deltakarar!



## Austrheim Pensjonistlag

Møteplan våren 2016:

- Onsdag 10. februar: Årsmøte.
- Onsdag 09. mars: Medlemsmøte.
- Onsdag 13. april: medlemsmøte.
- Onsdag 11. mai: medlemsmøte.

Møtetid kl. 16.00 – 18.30.  
Vi planlegg sommartur torsdag 9.juni.

Helsing Styret.



## Års Bedehus

Tirsdag 02. feb.	Bønnekveld 19:00
Søndag 07. feb.	Formiddagsmøte 11:00, Christian Skoge talar.
Tirsdag 16.feb.	Bønnekveld 19:00
Søndag 21. feb.	Formiddagsmøte 11:00 Per Børge Hillestad
Søndag 06. mars	Formiddagsmøte 11:00 Jorunn Marie Haugstad frå NLM talar.

Meir info finn du på: [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Alle er velkomne til samlingane.

## KJELLAREN

Me ynskjer velkomen til nye kveldar på Kjellaren på **Årås bedehus kl.18.00-20.00.**

På desse kveldane har me eit fritt opplegg med brettspel, fotballspel, billjard og airhockey. Me har ein andakt og får servert bollar og saft.

Det kostar 10 kr.pr.gong.  
Aldersgrense: 5.kl og oppover.

Håper å sjå deg

Datoar framover:

13.januar
27. januar
10. februar
24. februar
09. mars
Påske
06. april
20. april

## AUSTRHEIM SKULEKORPS 60 ÅR

I 2016 er det 60 år sidan Austrheim skulekorps vart skipa. Vi er det eldste skulekorpset i Nordhordland! Dette vil verte markert med ein jubileumskonsert tredje helga i november.

I samband med denne konserten ønskjer vi å samle gamle musikantar til eit stort felleskorps. For at vi skal klare å samle saman flest mogleg, treng vi hjelp av jungeltelegrafan. Det er viktig at DU sprer den glade budskapet om denne korpshendinga til dei du kjenner.

Musikantar, både aktive og "avdanka", merk av helga i kalendaren og meld frå at dette vil du ha med deg!!!

Av praktiske årsaker må vi vite kor mange som ønskjer å delta.

Vi treng å sjå til at alle har/får eit instrument å spele på og finne notar som passar til korpsstørrelse og besetning.

Difor; send ein sms eller e-post til

Randi Stormark, (leiar)

mobil: 901 57 757

e-post: randsto@online.no

eller

Janina Vågheim Fenne

mobil: 917 77 315

e-post: jafenne@online.no

Gi oss informasjon om dette:

- Namnet ditt
- Når var du med i korpset
- Kva instrument du spelar, har du evt tilgang på instrument?

I  KORPS

**La oss samle den store korpsfamilien i Austrheim og bidra til eit flott 60-års jubileum!**



# Som ledd i presentasjon av kyrkja og organisasjonane sine aktivitetar er vi no kome til søndagskulane.

\*\*\*\*\*

## Årås søndagsskule 1894 - ?

Årås Søndagsskule er så langt vi veit det eldste laget i Austrheim.

Dei held no til på Årås Bedehus, men den er eldre enn bedehuset.

Johannes Solheim var den som saman med Ola i Vikane og agronom Knut Nygård kalla inn til den første samlinga.

Ein reknar med at samlingane var i bakeriet/butikken på Årås og heime hos Johannes Solheim.

Søndagskulen har vore drive samanhangande i alle desse åra, men barnetalet har vore varierende.

Mange har vist at arbeidet i søndagskulen var deira kall, og mange blei der som leiarar i mange år.

Søndagsskulen i dag helt til på loftet på Bedehuset, der er det godt og varmt når den starter søndag

føremiddag. Såleis har det ikkje alltid vore, Jenny Sætre fortalde at søndag morgon tok mannen

mopeden og køyrde til Årås for å varme opp, mens Jenny laga til frukost. Så var det hennar tur til å

gå for å vere klar til å ta i mot dei frammøtte borna. Det vart fortald frå Bibelen ved hjelp av

flanellografen, kort vart stemplet, og blad delt ut.

Flanellograf vert framleis brukt, men i tillegg vert det teikna og laga ting, puslespel og andre spel som kan vere kjekt å ha. Tida endrar seg og det må søndagskulen gjere og.

I dag er søndagskulen ein liten flokk, men på slutten av 70 talet var det så mange born at dei vardelt i to grupper, vanlig søndagsskule frå fire år til ti år, og søndagsring for dei over ti år.

I mange år hadde søndagskulen basar for å skaffe pengar til materiellet.

Smågevinsten vart lodda ut på ettermiddagssamling. Stor oppslutning.

Fast innslag var julefest 4. juledag. Då var det fullt på Bedehuset, og mange har fortalt at dei kom heim

for å vere med. Ein tur som avslutning på våren var også populært. Då stilte familiane med mat og

drikke, det var ein liten andakt og det var leikar for små og store.

## Austrheim søndagsskule

I byrjinga av 1950 åra var det søndagsskule i Austrheimkyrkja kvar preikesøndag.

Søndagsskuleborna samlast kl 10, om vinteren rundt den store svarte vedomnen

som stod på venstre sida i kyrkja.

Lærar og klokkar Ole Bergsvik var søndagsskulelærar desse første åra. Mot slutten av 1950 åra var

søndagsskulen flytta til Austrheim bedehus, då vart det søndagsskule dei søndagane det ikkje var

gudsteneste. 50 – 60 born møtte fram til søndagsskule kvar gong desse åra.

Eit høgdepunkt år om anna var turane, gjerne om våren. Ein av turane gjekk til Lindås.

Saman med borna frå Lindås søndagsskule var det samling nord for kyrkja, der Westland hotell no ligg.

Eit anna høgdepunkt var julefestane 4. juledag kl. 16. Då var bedehuset stappfullt av born og vaksne.

Kven hugsar vel ikkje : juletrengang, den glovarme omnen, doggen som rann på vindaugsrutene, kald

matsal med dekkja langbord, skråskorne eggeskiver med ansjos og varm kakao. Det var så mykje folk at

det var to bordsete, medan eine halvparten av festlyden åt, gjekk dei andre rundt juletreet.

Frå 1960 åra og utover vart det færre born som møtte til søndagsskule.

Ut på 1980 talet var det slutt på søndagsskulen på Austrheim.

## LITLÅS SØNDAGSSKULE CA 1930 – ?

Den første søndagsskulen i Litlås-området var i stova til Elias Langøy på Litlås.

Det var to jenter i 16 årsalderen som begynte, på eige initiativ, og barna fra Hope og Litlås kom.

Etter krigen vart det kjelleren på Åsheim Skule som vart søndagsskulen sin møtestad.

Og i 1956, då bedehuset på Litlås var ferdig, flytte søndagsskulen dit. Barneflokken omfattet da også dei fra Mongstad og Kaland.

Utpå 50 tallet kom også barna fra Keilen med, dei hadde hatt sin eigen søndagsskule i stova til Gabriel Kjeilen.

Ei stund, uvisst kvifor, var det også søndagsskule heime hjå Arne Hope på Hope. Dette var på 80 og 90 tallet.

Ei år viss hending for søndagsskuleborna var selvsagt julefestane, og mange som var med der hugser spesielt den raude julebrusen. Ikke hverdagskost det den gong.

Fram til 1965 var det også en fast sumartur med motorkutteren Fjelldur.

Det var alltid søndagsskule når reisemålet vart nådd, det kunne være Hardbakka i Solund eller Hamre på Osterøy. Med på disse turene var i mange år og søndagsskulen i Øksnes.

På denne søndagsskulen, som på mange andre var flanellografen eit godt hjelpemiddel når bibeltekstane skulle formidles.

1998 skjedde det at søndagsskulen vart nedlagd. Ikke for alltid har det vist seg,

I 2005 vart den startet opp igjen med Ann Veronika Kaland og Liv Marit Hope.

## LERVÅG SØNDAGSKULE

Frå ca. 1945 tok Harald Hope til med søndagsskule på Betania bedehus i Lervågen. Han hadde med seg Karstein Kaland ein periode, han spelte.

På 1970 talet tok Arne Skauge over stafettpinnen. Saman med Odd Totland og nokre ungdommer hadde søndagsskulen fram til ca. 1990. Frå 1990 og til år 2000 overtok Arne Skauge ansvaret.

Denne søndagsskulen var tilslutta menigheten Betania.

Dei hadde julefestar, nokon gonger aleine og andre gonger ilag med andre t.d. Litlås. Dei var med i kyrkja på Søndagsskulens dag. Og dei hadde turar, aleine og ilag med andre.

Det har ikkje vore søndagsskulearbeid sidan den var «lagd ned», men no har dei planar om å starta opp igjen.

## **BAKKØY SØNDAGSSKULE**

Like etter krigen samla Hanna Monslauv borna i Monslauven til søndagkule i stova si. Der var også nokre born frå Bakka og Synnevåg.

Etter henne hadde søstra hennar Synneva søndagskule heime hjå seg.

Begge hadde også barneforeining.

I 1981 vart søndagskulen starta opp att, då hadde Synneva, som då var ei dame godt opp i åra teke kontakt med prest og klokkar. Ho hadde ynskje om kristent barnearbeid i bygda. Bodil Monslauv fekk spørsmålet og tok då til med samlingar i stova til Synneva.

På det meste var det 22 born frå dei tre grendene: Bakka, Monslauv og Synnevåg.

Det var Bibelforteljingar, og song, dei var glad i å synge. Ynglingssongen når dei fekk velje var, « Våg å stå som Daniel».

I 1986 fekk dei på Bakkøy det gamle skulehuset i Synnevåg til grendahus. Det vart då til at ein flytta aktivitetane dit. Barnetalet for søndagskule gjekk nedover, men i staden vart det starta noko vi kalla Bakkøyklubben, den vart også starta i stova til Synneva.

Vi hadde søndagkuletur til Rongevær ilag med dei andre søndagkulane i Austrheim. Vi hadde julefestar, før vi fekk eige hus leigde vi landskapet på Kaland skule.

Ein gong var vi ilag med Austrheim søndagkule, det vart med den ein gongen, for Bakkøy hadde så mykje program at dei ville ikkje ha oss med fleire gonger.....

Då borna på Bakkøy vaks ifrå søndagkule og barneklubb vart alt lagd ned, først søndagkulen, ca. på midten av 1990 talet.

## **ØKSNES SØNDAGSSKOLE**

**1945 -1996**

Øksnes søndagsskole som omfattet Øksnes og Rebnord startet opp etter krigen. Det var Olga Øksnes som skulle begynne, hun hadde gått på kurs, men av ukjent grunn ble det ikke noe av for hennes del.

I stedet ble det Bergit Øksnes som inviterte til søndagsskole hjemme i stuen.

Her holdt de til i mange år, men den årlige julefesten var i skolehuset på Rebnord. Her var et av høydepunktene besøk av nissen med pakker.

De fleste syntes det var stor stas, og det ble gjettet hvem var nisse? For noen ble det litt vel nifst, så noen tårer var det også.

Et annet høydepunkt frem til 1965 var den årlige sommerturen sammen med Litlås søndagsskole.

Grunnen til dette samarbeidet, var at skipperen på båten hadde familie i Øksneset. Turer til både Fedje og Seim huskes godt.

I begynnelsen av 60 tallet kom det Bedehus på Øksnes og da flyttet søndagskolen inn der. Også julefesten ble avholdt der da.

Stafettpinnen ble gitt videre, og det var ikke uvanlig at «voksne» søndags-skolebarn meldte seg som medhjelpere. På midten av nittitallet var det etter hvert ganske tydelig at det ble vanskelig å fortsette med søndagskolen.

Våren 1996 var det så få barn som møtte på søndagsskolen, av og til ingen, at det ble bestemt at tiden for egen søndagsskole i Øksneset-Rebnord var over. En epoke var slutt.



**Søndagsskolen med Kaspar Gjerde 1958/59**



**Frå Søndagsskulens dag.**

**Frå Søndagsskulens dag.**





# THK-aksjon for Ukraina

Mellomtrinnet på Årås skule skal også i år ha solidaritetsaksjon for å hjelpe barn og vaksne i Ukraina. Dette er no 13. året vi samarbeider med THK, tro, håp og kjærlighet, ein tverrkyrkjeleg organisasjon. **Ukraina er i dag eit land der store område er prega av krig og naud, så dei treng den hjelpa dei kan få!**

I samband med aksjonen 16. mars, kan ein **levere ulike former for bruksting på skulen 7.03-16.03**: Reine, brukte klede, sko, sengetøy, hygieniske artiklar som såpe, tannkrem og tannbørste, samt teikne- / skriveutstyr og leiker. Vintrane er kalde i Ukraina, så det trengst også varme klede og ullteppe!

Det er ynskje frå THK at ein betaler eit frakttilskot på **kr.50 for kvar sekk**. Betal til kontoret. Ein container vert ståande på skulen i aksjonstida.

Elevane sel loddbøker. Kontaktpersonar for aksjonen er lærarane på mellomtrinnet, m.a. Anne-Margrete H. Øksnes og Berit Ones.

**Ukrainakveld onsdag 16. mars kl. 18.00. Program ved elevane, og informasjon om THK. Utlodning, ulike aktivitetar og kafé til inntekt for Ukraina.**

**Vi tek gjerne imot gvinstar til aksjonen!**

**Alle er hjarteleg velkomne!**

Helsing elevar og lærarar i C – blokka





## LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

### MØTER

**Søn 7.febr** kl 11:00 Møte: Geir Talberg Nattverd

**Søn 21.febr** kl 11:00 Møte: Linda Nærøy

---

## Ungdomskvelder

fredag kl 19:30 – 22:30 fra 7.klasse

**5.februar 19.februar**

---

## SØNDAGSSKOLE



**Søndag 21. febr. kl 11 starter vi med søndagsskole på Lervåg Bedehus!**



Det blir søndagsskole annenhver søndag fremover, parallelt med møtene for voksne! Vi begynner samlet, men ganske snart går alle barna inn i på søndagskolerommet og har en egen samling der. Etterpå blir det litt mat både for barn og voksne. Opplegget vi bruker heter **HELT KONGE** Det er for barn fra 5 -10 år. Yngre barn kan også være med, men da må de ha følge av en voksen ☺

**VELKOMMEN SMÅ OG STORE!**



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## BASAR

Søndag 28. februar kl 16.00  
Austrheim Samfunnshus

Åresalg og trekning av loddbøker.


Alle er velkomne.

Helsing Styret.



### Offer i Austrheim kyrkja

Julafta	Kirkens nødhjep	kr. 13.157,- (to gudstenester)
1. juledag	Misjonssekretariatet	kr. 4.591,-
10. jan. 2016	Kyrkjelydsarbeid	kr. 2.843,-



## MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

**Til sammen har vi 3 815 års erfaring med bilservice i Norge.**

Rune Austrheim **Fosnøy Bilsenter AS**

### Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

[www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

Vi gjør alt for bilen din.



**Fosnøy Bilsenter**

Tlf: 56 16 75 50 Mastrevik



## Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Mini Frisørsalong



ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.  
Timebestilling: Mandag, Tirsdag,  
Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16  
Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*



**Per Kenneth Bø**  
BYGGMESTER

**Panasonic**  
**varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

## RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenselanlegg

Kontakt:  
August Norge AS  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befarings!  
www.augustnorge.no

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## Biblioteket - opningstid

### Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

God bok!

## SYMJEHALL

### Offentleg bading i bassenget på Kaland

Måndag	Fredag
17-19 Familie/born (foreldre med små born vert prioritert)	17-18 Alle 18-19 Alle 19-20 Alle
19-20 Pensjonistar	20-21 Alle
20-21 Vaksne	

Vaksne kr.30,- Born under 16 år kr.15,-  
Bassenget sine opningstider fylgjer skuleruta

## AnnONSE i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

## Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

**Legevakt: 116117**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl.08.30 - 15.00.**

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING  
MÅNDAGAR!**

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

**Jordmor:**

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

## Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**  
56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vår ekspertise bedrer din livskvalitet!

# Blåresept - vi har kompetansen!

## Har du pose på magen?

Vi fører alt utstyr til deg som er stomioperert, og som er godkjent på blå resept.

## Kontakt oss

**BANDABUTIKKEN AS**

Lindås Senter  
5955 LINDÅS

Tlf: 56 36 95 11

E-post: [post@bandabutikken.no](mailto:post@bandabutikken.no)  
Nettbutikk: [www.bandabutikken.no](http://www.bandabutikken.no)



## Våre kjennetegn

- Vi har alltid tid til deg.
- Vi er spesialister på vårt fagområde.
- Vi er faglig oppdaterte og vet hva som finnes av hjelpemidler til enhver tid.
- Vi foretar hjemmebesøk etter avtale.
- Vi bringer varene hjem til deg gratis, hvis du ønsker det.
- Hos oss får du produkter som passer deg best!

Følg oss på [facebook/bandabutikken](https://www.facebook.com/bandabutikken)

## SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



## Giving Hope To A Child (GHTAC)

**Giving Hope to a Child** rettar ein stor takk til elevar og lærar ved AVS som i år for 4.gang held innsamlingsaksjon for GHTAC. Har du ikkje fått besøk av ein AVS-elev, så får du det sikkert ein av dei næraste dagane. Vi håpar de tek vel i mot dei. GHTAC takkar for all støtte vi kan få. Du kan støtte dette prosjektet ved å -

- Teikna deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikna deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, kto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår:

[www.givinghope.no](http://www.givinghope.no) eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth*

<i>Stine B. Karlsen</i>	Styreleiar	<i>Jenfrid Stellberg</i>
Styremedlem		Styremedlem
<i>Ole Moen</i>		<i>Monika Thorpe</i>
Forretningsfører		Styremedlem.



A graphic of a musical staff with a treble clef and several notes, including a large eighth note, positioned to the left of the main title.

**“Syng deg glad”  
-kveld**



**Austrheim  
kyrkje  
søndag  
07. feb  
kl.19:30**

Det vert servert kaffi, te og noko å bita i.

Kollekt.

Alle er hjarteleg velkomne.